

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 37/2005

Møtedato: 7.9.05

Arkiv nr: S 642

S 642, Jaslangen – søknad om grillhus

Jenny Solberg søker om å føre opp eit hus på 9 m² på stølen. Bygget skal brukast til grilling og ikkje overnatting.

På stølen er det frå før fjøs (126m²), kokehus (24m²), sel (74m²) og aggregathus (4m²). Søkjaren opplyser at stølen er i eige bruk til mjøleproduksjon og beite.

Bygging på støl i bruk skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog skriv i brev datert 1.9.05 følgjande:

Jeg har forelagt saken for Statskog, og vi mener at slike bygg, som ikke er i samsvar med tradisjonell byggestil på støler, ikke kan godkjennes og vi frarår at søknaden invilges. Vi regner med at kulturmyndighetene også vil frarå slike bygg.

Vi finner det også tvilsomt å godkjenne grillhus på støler selv om huset ble bygd i tradisjonell stil, da slike bygg vel ikke kan anses som nødvendige for stølsdrifta.

Oppland fylkeskommune, kulturvernadv. skriv i brev datert 26.8.05 følgjande:

Vi syner til brev av 12.08.2005 og telefonsamtale med Harald Ranum den 26.08.2005, vedr. søknad om å bygge grillhus på støl i Jaslangen statsallmenning.

Stølen ligg i eit gammalt kulturlandskap i Jaslangen statsallmenning, og sjølv om bygningane på eigedomen er ført opp i seinare tid, er det viktig å tilpasse nybygg slik at dei ikkje bryt med det omkringliggande kulturlandskapet og den tradisjonelle byggeskikk i området.

Eit grillhus er i utgangspunktet ein moderne type bygning og eit framandelement i den tradisjonelle bebyggelsen i stølen, og i det gamle kulturlandskapet. Det å sette opp eit grillhus vil være å føre inn ein heilt ny type bygg som ikkje før er teke i bruk i støl- eller setersamanheng. Det vil derfor bryte med den lokale byggeskikk og dei tradisjonelle typane bygg som er brukt på stølen. Vi vil derfor sterkt rå frå at det blir ført opp bygningar av denne type i stølsmiljøet. Eit alternativ er å sette opp ein tradisjonell, meir uthusprega, mindre bygning med fire veggjar, saltak og kledning i tre. På denne måte får man eit bygg som er tilpassa byggeskikk, kulturlandskap og bygningstradisjonane i stølsmiljøet.

Vedtak:

Fjellstyret er samd med Statskog at grillhus ikkje er nødvendig for utøving av stølsdrifta jfr. § 13 i stølsforskriftene og fjellstyret avslår byggesøknaden.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.9.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune
Jenny Solberg